

Vil du bli sponsor for prosjektet vidareutvikling av Vedvikjo?

Siste del nå er at badstua er på plass på Bjoa

Bjoa Bygdeutviklingslag har ynskja å vidareutvikle ei av dei finaste badestrendene og friluftsområdene me har i distriktet. Det har vore ei prosjektgruppe som er knytt til Bjoa Bygdeutviklingslag som har jobba aktivt med dette i samarbeid med Friluftsrådet Vest.

Badstover er stadig meir populært, og me har jobba med å få det til på Bjoa eit par års tid. Endeleg er den på Bjoa! Det står att formalitetar for å få den plassert nede på venstre side av stranda. Me håpar og trur at dette er noko som unge og vaksne i bygda kan få stor glede av, sommar som vinter.



Prosjektgruppa har jobba og jobbar framleis med å få søkt på midlar for å finansiera prosjektet. Me har klart å få løyvd 160 000 til no, men treng minimum 120 000 kr til for å komme i mål med finansieringa som vil sikre det løftet som er planlagt for Vedvikjo og Bjoa.

Me høyrar derfor nå med bedrifter og organisasjonar på Bjoa om det er mogeleg å kunne gje eit bidrag for å støtte dette prosjektet. Me er takknemlege for ei gåve, og ynskjer at dykk tar kontakt ved fleire spørsmål om prosjektet. Me vil gjerne ha eit oppslag i badstua med sponsorar som har bidrege med ein gåvesum over 10 000 kroner (dette er sjølvsagt frivillig)

På vegne av Bjoa bygdeutviklingslag,

Anna Klette Steinsland, Kathrina Håvarstein og Anne Sofie Sandvik